


Stend

TEMA: Setegard og klostergods ①47,
Bønder fra fjordene ①81
KART: ④438, ④441, ④442

Garden STEND høyrde i mellomalderen til Nonneseter kloster. Etter reformasjonen var han i eiga til VINCENTS LUNGE fram til 1680. Då overtok generaltollforvaltar HANS CHRISTOPHERSON HIORTH eigedommen. Hiorth vart adla i 1682, og Stend fekk status som adeleg setegard.

«Steene Gaard». Prospekt av J.F.L. Dreier, 1816.



Stend har hatt mange eigarar gjennom hundreåra. Kanselliråd WOLLERT DANCKERTSEN overtok garden i 1741 og hoffagent WOLLERT KROHN i 1782. Han dreiv Stend som eit mønsterbruk og bygde veg frå Nordås til Stend.

Sonen WOLLERT KROHN gjennomførte truleg ei modernisering av anlegget i 1790-åra, mange av louis-seize-detaljane i bygget talar for det. Det er i denne forma vi ser bygningen på eit prospekt av J.F.L. Dreier frå 1816. Dei fleste av eigarane nytta Stend som sommarbustad; ein fornem bergensk «lystgård». Då Søndre Bergenhus Amt kjøpte eigedommen i 1861, vart det skipa jordbrukskule på den gamle setegardens grunn.


I 1922 vart hovudbygningen ombygd og restaurert, og eit omfattande restaureringsarbeid har også vore sett i gang i 1980-åra. Den såkalla «riddersalen» i midtfløya er det mest utsøkte rommet i huset, med detaljar i listeverk, takbjelkar og brystningspanel som plasserer det i barokkperioden på slutten av 1600-talet, i Hans Hiorths embetstid. Dei store måla veggtapeeta er frå 1700-talet. Hovudbygningen på Stend er i dag freda. □

LANGSKIPSNAUSTET PÅ STEND

I Bjørvika på Stend, like nedanfor Hordamuseet, ligg ei stor nausttuft som vart utgraven i 1966–72. Naustet har vore heile 32 m langt. Langveggene, som har vore bygde av ståande halvklovingar, har vore boga, 8,5 m breide på midten og 7 m i endane. Innanfor langveggene har det vore to rekkjer av takberande stolpar. På naustgolvet var og restar av to eldstader, eit ved inste vegg og ein yst.

14C-prøvar frå veggene gav ei datering til ca. 150–350 e.Kr. for trevirket, medan keramikk frå tufta syner til 400- og 500-åra. Nokre funn kan vera endå yngre.

Dette naustet er 6–700 år eldre enn leidangsordninga frå slutten av 900-tallet. Det er såleis neppe her leidangskipet i Skjold skipreide har hatt sin plass.



STEND STASJON

STEND STASJON er den einaste av dei tidlegare stasjonsbygningane på Nesttun-Osbanen som enno står i si opphavlege form. Etter at banen var nedlagd i 1935, vart bygningen overteken av Hordaland fylke og brukt til lærarbustad for Stend Jordbrukskule og ulike andre formål. Foreningen Osbanens Venner har arbeidd for å få freda Stend stasjon. På stasjonsområdet er det sett opp ei restaurert Osbanevogn. Osbanens Venner har også ei stor samling gamle foto og filmstubbbar, reklameskilt og gjenstandar frå Osbanen.



Stend stasjon i 1935.

HORDAMUSEET

HORDAMUSEET er eitt av dei kulturhistoriske distriktsmusea i fylket. Muséet har ei bygningshistorisk avdeling med gardstum, skulestove, kvernhus, krambu og postkontor. Kystkulturen har ein stor plass, med naust, båtar og fiskereiskap. Muséet har ei fin samling billetteppe av vevkunstnaren RAGNA BREIVIK, etter akvarellar av GERHARD MUNTHE, og legg vekt på skiftande utstillingar frå inn- og utland. På FANA FJELLET ligg stølsavdelinga med stølshus frå ulike stader i Hordaland.